




På vegen for FOLKEAKADEMIET 2025



FOLKEAKADEMIET

Satsingsområde 2024-2026

Folkeakademiet sine vedtatte satsingsområde:

Satsingsområde 1: Mangfold og
innanforskap

Satsingsområde 2: Klima og miljø

Satsingsområde 3: Demokratiske verdier
og prinsipp.



FOLKEAKADEMIET

Oversikt på turnéane i 2025:

V2501 Duesund: uke 5-6 området Vestlandet, Midt-Noreg

V2502 Dennis: uke 10-11-12- heile dekningsområdet

V2503 Flaskepost: uke12-13-14- heile dekningsområdet

V2504 Brochmann: 26. mai til 7.juni - heile dekningsområdet

H2505 Helland: uke 37-38-39 – heile dekningsområdet

H2506 Duesund: uke 42-43 området Sør/ Østlandet/ Midt- Noreg

H2507 Lukashaugen: uke 45-46-47-48- heile dekningsområdet

Informasjon til tingarane:

Turnédrifta i 2025 strekker seg over 7 distrikt i Folkeakademiet:

Midt-Noreg

Sogn og Fjordane

Hordaland

Rogaland

Agder

TeVeBu

Innlandet

tingingsfrist 15. nov 2024

Det vi ber tingarane om å gjere annleis i år, er å vere opne for ein meir krevjande logistikk.

Turneprogramma er lagt opp med veketal, og vert lagt geografisk etter kva tingingar som kjem inn.

Henriette Bakke Hatlevoll og Alessia Franquillo er turnéansvarlege og legger turneane.

For å tinge eit turnéprogram følg denne linken til tingings-skjemaet:

<https://forms.office.com/e/Ec1X0J3Ky9>

V2501/ H2506 Duesund

Duesund- over vannet

Konsert med

Trine Duesund Straume og Eline Rafteseth

Satsingsmål: mangfald og innanforskap, mental helse

Program: konsert og humor



Trine Duesund Straume er musikal og jordmor. Ho er for mange kjent som halvdelen i protestduoen Dumpster Divas, men er i dag aktiv med sitt eige prosjekt «Duesund». Ho skriv alle låtane sjølv og brenn for ei meir rettferdig verd. I dette arbeidet vert det mest synleg i openheita omkring psykisk helse. Debutalbumet «Over vannet» som kom i mars 2024 har hausta gode kritikkar.

I eit landskap mellom vise, jazz og folkemusikk malar hun livet i musikken på en ærleg og treffande måte. Tekstane handlar i stor grad om psykisk helse og livsmestring, og er til for å gje lyttaren håp der det trengs. Der sjølv låtane er litt tungsindige, balanserer Duesund opp imellom låtane med mykje humor. Publikum pleier ofte å seie at dei på ein konsert med Trine får både nydeleg musikk og standup! Altso få to, betal for ein.

Aktuelt: Duesund arbeidar no i studio med neste album "Under overflaten" som truleg vert gitt ut hausten 25 om alt går etter planen. Duesund i full besetning er 6 musikarar, men på denne turneen er dei to.

Medverkande musikal er Eline Rafteseth på kontrabass. Eline Rafteseth er komponist og musikal med bakgrunn i klassisk musikk og jazz. I tillegg til å være en del av Duesund, spelar ho i fleire band som indie-jazz bandet Shakai, NH3 og Soft Noise Ensemble. Ho har og komponert verk for blant anna Bergen Improstorband, samt verket How to Lose Oneself for YrrY, som vart framført under Borealis 2022. Hennar arbeid spenner over sjanger, frå meir tradisjonell jazz til eksperimentell musikk.

Denne konserten er sterk og kjenslefull med humoristiske innslag undervegs som gjev tilskodaren både tårer og latter.

Veke: 5. og 6. i området vestlandet/ Midt- Noreg

Veke 42 og 43 i området sør/ austlandet/ Midt- Noreg

Pris:

Folkeakademi: 9000,-

Kollektive medlem: 9500,-

Andre/ eksterne: 10 000,-

(TONO-avgift kjem i tillegg)

Lengde: 45 min

V2502 Dennis: veke 10-11-12

Spiseleg hage

Foredrag med Dennis Asbjørnsen

Satsingsmål: klima og miljø

Program: Foredrag

Dennis Asbjørnsen

Forfatter og influensar



Til dagleg når Dennis ut til 115 000 menneske på sosiale media. Hans oppdrag er å få heile Noreg med på å dyrke sin egen mat! I dag arbeidar Dennis som foredragshaldar og kursinstruktør – både for bibliotek, skular, bedrifter, gartneri, hageselskap, kommune og stat.

Ung og utradisjonell:

Den moderne byguten som har vorte ein spennande bloggar, greenfluencar, forfatter, foredragshaldar og en av landets største påverkar innan hagebruk.

Utgangspunktet for Dennis var rett og slett eit ønske om å lage ein liten kjøkkenhage, og då med prinsipp om å dyrke enkelt, billig og berekraftig. Erfaringane Dennis gjer seg, og den unike gleda han føle ved å dyrke sin egen mat, har resultert i Norges største kjøkkenhagekonto på Instagram. En hagebloggar som mange kjenner seg igjen i – med plantemetoder som fenger alle. Til og med den travle personen i gata.

Til å vere so ung har han og i fleire år skrive faste artiklar i Sunnhetsbladet ,forfatta to bestseljande bøker og skrive artiklar til Hagetidend. Dennis Asbjørnsen har segla opp til å verte ein av landets største, grøne påverkar. Ein blid vestlending omkransa av ferske grønsaker og høner i hagen. Han formidlar profesjonell kunnskapsformidling og inspirasjon om dyrking av spiselege vekstar.

1. Foredrag om Dennis' kjøkkenhage og metodar for enkel dyrking av egen mat. Dennis fortel om seg sjølv og sin dyrkehistorie: kva har han gjort i sin kjøkkenhage? På kva måte skapar han en kjøkkenhage? Metodar og tips for å dyrke enkelt, billig og berekraftig. Korleis utnytte vokseplassen effektivt, om samplanting og fransk samplanting med blomster i kjøkkenhagen, om skadedyr- handtering og mykje meir.

2. Foredrag om dyrking på balkong .Dennis fortel om korleis du kan skape deg en spiseleg oase på lite areal. Bur du i leilegheit med en balkong kan du få til mye. Det handlar om å utnytte vokseplassen effektivt, om samplanting og fransk samplanting med blomster i kjøkkenhagen, om skadedyr- handtering og mykje meir.

3. Foredrag om hobbyhøns . Kva trenger du for å kunne lykkast med høner i hagen? Høner i hagen er ei form for lav beredskapshage og kan bidra til mye!

Veke: 10, 11, 12.- heile området Midt-Noreg, Vestlandet , Sørlandet og Austlandet

Pris:

Folkeakademi: 8500,-

Kollektive medlem: 9000,-

Andre/ eksterne: 9500,-

Lengde: 45 min

V2503 Flaskepost veke 12, 13, 14

Flaskepost frå havet.

Foredrag med Thomas Lien

Satsingsmål: klima og miljø/
demokratiske verdier og prinsipp

Program: Foredrag og film



-Foredrag om den globale klimautfordringa og om korleis han og hans familie begynte eventyret og produksjonen av dei 3 sesongane av Flaskepost frå havet.

Thomas Lien:

Filmregissør og sjøfarar.

Thomas Lien er sjølvlært filmregissør som begynte å jobbe med film då han var 19 år. Han laga ein kortfilm då han var 23 år; «Dypets Ensomhet», som hausta mange prisar og som gjorde han til ein anerkjent og nyskapande filmregissør.

Då han var 25år drog han ut på ei jordomsegling som varte i 6 år, og det var på denne seglasen han besøkte Tikopia første gongen.

Han er opptatt av korleis sårbare ur-samfunn kan leve so tett på naturen og korleis industrisamfunnet stadig kjem nærare. Han har i filmene sine fokus på folk som lever alternative liv, og å formidle til born om andre born i andre land. Både deira utfordringar, men og dei fordelane dei har, som vi ikkje har her i Noreg.

Han har to foredrag om prosessen rundt TV-serien Flaskepost frå Havet, som har gått i 3 sesongar på NRK. Han fortel om familien sin som er med på desse reisene, korleis han observerer samfunna utanfrå . Han snakkar om ringverknadane som kjem av ekstremvær, industri på dei unike øysamfunna i Stillehavet og i dei arktiske områda.

1. **foredrag til born-** fokus på serien , eventyret og kva ein kan gjere som enkeltindivid innan klima- vise litt film og bilete frå serien.
2. **foredrag til vaksne-** fokus på prosessen med produksjonane, reisa og utfordringane innan klima og ringverknader av global forureining

Veke: 12. 13. 14 .- heile området Midt- Noreg, Vestlandet , Sørlandet og Austlandet

Pris:

Folkeakademi: 7500,-

Kollektive medlem: 8000,-

Andre/ eksterne: 8500,-

Lengde: 45min

V2504 Brochmann: 26. mai til 7.juni

BROCHMANN 1936

Teaterframsyning med Kyrre Eikås Ottesen

Satsingsmål: demokratiske verdier og prinsipp

Program: Teater



Teaterstykket handlar om annleistenkjaren, forfattaren og samfunnsøkonomen Bertram Dybwad Brochmann, ein av dei mest særprega samfunnskritikarane på første halvdel av 1900-talet.

Han sat, som einaste representant for Samfundspartiet, på stortinget frå 1934 - 1936. I ein interpellasjon frå 1936 spør han om utbrotet av ein verdskrig kanskje kunne avverjast, dersom Noreg ikkje vart med på den engelske handelsblokaden mot Tyskland. Resten av historia kjenner vi godt, og Brochmann vart dømt som landssvikar etter krigen - men var han egentleg det? Historia om Brochmann avdekkjer nokre viktige nyansar kring samtalan på stortinget før 2. verdskrig - og her finnast interessante parallellar til i dag.

Fjaler Turnéteater ved regissør Torkil Sandsund, har skrivne manus og regissert Brochmann 1936. Med seg på laget har han Kyrre Eikaas Ottersen, skodespelar på **Teater Vestland**. Dette er ikkje den første annleistenkjaren dei to tek føre seg på scena; tidlegare har dei hatt stor suksess med framsyninga "Bondetinget", basert på historia til småbrukarhovdingen Helge Berge. Brochmann er produsert i samarbeid med Teater Vestland og turneen er også i samarbeid med Teater Vestland.

Kyrre Eikaas Ottesen

Kyrre har vore skodespelar ved Teater Vestland (tidlegare Sogn og Fjordane Teater) sidan 1996. Han kom direkte frå skodespelarutdanning ved Bergen Teaterskole og har i løpet av denne tida fyllt om lag 70 forskjellige ensembleroller, i tillegg til mindre framsyningar. Siste halve året har han turnert heile landet med den kritikarroste framsyninga «Tollak til Ingeborg». Kyrre har i ei årrekke spelt prest i Kinnaspelet, og han har dessutan spelt i kortfilmar som «Astrup - flammen over Jølster» og «Jonni Cowboy».

Kyrre Eikås Ottersen var nominert til Heddaprisen i kategorien beste skodespelar/hovudrolle for rolla som Tollak i "Tollak til Ingeborg" av Tore Renberg i 2024

Med seg på reisa har han Frida Noris Kveane som er inspisent og sufflør, ho er ansvarleg for at lokalet vert rigga på riktig måte.

Handlinga foregår i ein kommunestyresal/ rettssal, so det er ekstra fint om det lar seg gjere å ha teaterstykket i ein ekte kommunestyresal. Om ikkje kan ein rigge det til. Instruksjonar vert tilsendt.

Veke: 26.mai-7.juni- heile området Midt Noreg, Vestlandet , Sørlandet og Austlandet

Pris:

Folkeakademi: 8000,-

Kollektive medlem: 8500,-

Andre/ eksterne: 9000,-

Lengde: 1,5t

H2505 Helland: uke 37-38-39

Det kan skje på di vakt

Foredrag med Fredrik Johan Helland

Satsingsmål: Demokratiske prinsipp og verdier / mental beredskap

Program: foredrag

Fredrik Johan Helland -Journalist og Gardist

Var i førstegongsteneste i 1. gardekompani i Hans Majestet Kongens Garde i 2010-2011. Blei i 2013 tildelt Gardemedaljen i bronse, mellom anna for innsatsen 22. juli 2011.

Jobbar no som journalist og radioprogramleiar i NRK Vestland.

Det kan skje på di vakt.

Vi lever nå i eit samfunn i endring, og vi kan ikkje ta våre leveforhold og fridom for gitt.

Er DU klar til å ta ansvar når det verkeleg gjeld?

22. juli 2011

Då bomba gjekk av i Regjeringskvartalet denne ettermiddagen, blei hovudstaden og landet sett på hovudet. Oppdraget til gardistane var å beskytte Slottet, eit mogeleg terrormål berre 1000 meter unna der bomba gjekk av. Fredrik Johan Helland sto vakt då det small. Han fortel om soldatar i førstegongsteneste som låg med skarp ammunisjon midt i Oslo sentrum, politifolk som blei lagt i bakken og planane om å grave opp Slottsplassen.

Nokre månadar før var dei same gardistane på forsida til landets aviser. Ei hending sette tilliten til kompaniet på prøve. Var gardistane klare dersom dei no vart satt på ei ny prøve?

I foredraget fortel han om sterke og sårbare menneske og om korleis godt leiarskap er viktig for at heile laget skal fungere når ein står ovanfor ei krise og situasjonen er krevjande.



Veke: 37, 38, 39 - heile området Midt- Noreg, Vestlandet , Sørlandet og Austlandet

Pris:

Folkeakademi: 7500,-

Kollektive medlem: 8000,-

Andre/ eksterne: 8500,-

Lengde: 45 min

H2507 Lukashaugen: uke 45-46-47-48

Litterær konsert

med Erik Lukashaugen

Satsingsmål: mangfold og innanforskap, mental helse

Program: litterær konsert



Erik Lukashaugen er ein av landets travlaste visesongarar, mykje grunna hans prislønte og populære tonesettingar av dikta til tømmerhoggaren Hans Børli. No har han tonesett ein anna litterær kjempe, nemleg Einar Skjæraasen, og i 2025 legg han ut på turné med tonesettingar til desse to, samt nokon av hans egne viser. Dikta er skrivne i ei heilt anna tid, men temaet er evigaktuelt, enten det dreiar seg om kjærleiken til menneske og natur, slit i kvardagen og arbeid, eller søkja etter mening i livet.

1. Open konsert - Viser frå skogen: Den erfarne trubaduren Lukashaugen er opptatt av at kvar konsert har sin eigen dynamikk, og han tilpassar både dialog med tilskodarane og Låtutvalet undervegs i konserten for en mest mogleg levande oppleving. Ein god dose lun humor og Hedmarks-jordnæret er og ein sjølvfølge.

2. Institusjon - Viser frå skogen: På institusjons-konsertar tilpassast innhaldet slik at tilskodarane og får høyre gamle songskattar av bl.a. Vidar Sandbeck.

3. Barn - Oldefars koie: Denne framsyninga er bygd opp rundt Børli-viser og tar barna gjennom ei reise tilbake då oldefar var ung og jobba som skogsarbeidar utan Wifi i tømmerkoia! Ein kopi av ein ekte vedomn med iPad-flamme og ei tømmeresag er blant rekvisittane. Framsyninga tilpassast barnehage (4-5 år) eller småtrinn på barneskule (6-9 år).

Veke: 45. 46. 47. 48. heile området Midt-Noreg, Vestlandet , Sørlandet og Austlandet

Pris:

Folkeakademi: 6 500,-

Kollektive medlem: 7 000,-

Andre/ eksterne: 7 500,-

(TONO-avgift kjem i tillegg)

Lengde: 45 min